

Kopi

Askvoll Kommune

Postboks 174

6988 ASKVOLL

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær

Telefon: 91102779

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

Vår referanse: 13/17061

Dykkar referanse:

Vår dato: 10.02.2014

Dykkar dato: 20.11.2013

Att:

Elektronisk post

MARINE HARVEST NORWAY AS - SØKNAD OM KONSESJON PÅ 7,5 MILL SETTEFISK I STONGFJORDEN ASKVOLL KOMMUNE - UTTALE

Vi viser til overdsending datert 20.11.2013 vedlagt søknad fra Marine Harvest Norway AS datert 06.11.2013 om etablering av settefiskanlegg på lokalitet Stongfjorden i Askvoll kommune.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei faglig uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale femnar om konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

Konklusjon

Vi har registrert ei konflikt mellom fiskeriinteressene i området og anlegget. Under føresetnad av at vilkåra vi set her vert fulgt vil ikkje konflikta vere av ei slik grad at vi vil frarå at søknaden vert innvilga. I motsatt fall rår vi frå innvilging av søknaden. Vilråa er som følgjer:

Krav til avbøtande tiltak: (mellom anna etter råd frå RB KU rapport 1798, vedlagt søknad).

For å avgrense skadeverknadar på gyteområdet for fisk, skal ein unngå åpne ladningar og gjennomføre eventuelle undervass-sprengingar med reduserte ladningar for å dempe skadeverknadane. Det må ikkje sprengast i tidsrommet når torsken gyter (februar til april). Det må heller ikkje forekomme sprenging når det er låsett fisk i nærleiken. Bruk boblegardin for å redusere påverknad frå sprenging (land og sjø).

For å redusere spreining av finpartikulære masser ved utfylling i sjø og tilrenning fra spreingingsområde på land, skal det utplasserast oppsamlingskjørt/siltgardin utanfor fyllingsområdet.

Utfyllinga av massar må skje utanom gytesesongen for torsk (februar - april). Ei slik utfylling bør helst skje på hausten og tidleg vinter fordi kystsona ligg mest i ro i denne perioden.

Avløp til sjø skal rensast. Renseanlegg på heile avløpet skal etablerast og dette vil redusere risiko for negative verknadar på gyteområdet for fisk og forekomster av sukkertare minimaliseres. Rådgjevande Biologer rår òg til at det vert etablert eit dykka ferskvass-utslepp på det djupaste i den innerste delresipienten på rundt 40 m dyp med en kapasitet på 2 – 3 m³/min, då dette tiltaket òg vil gje ein monaleg betra resipientkapasitet i det innerste terskla bassenget i Stongfjorden.

Det må visast varsemd når avlaupsleidningar og inntak av sjøvatn leggjast ut slik at desse ikkje får negativ effekt på gytesuksess og eventuelle oppvekstområde for fisk. Røyr i sjø må leggjast ut i samråd med fiskarlag slik at dei ikkje hindrar fiske i fjorden.

Krav til oppfølgande undersøkelser (etter råd frå RB, KU rapport 1798, vedlagt søknad).

Ved bygging av et nytt settefiskanlegg i Stongfjorden, må det sørgast for eit overvåkingsprogram som fangar opp moglege verknadar av tilførslane av organisk stoff og næringsstoff til fjorden. Dette gjeld for oppfølging av resipient-tilhøva ved avløpet, men òg moglege verknadar på makroalgane og særleg førekomstane av sukkertare i indre del av fjorden.

Om søknaden

Søknaden gjelder tillatelse til etablering av settefiskanlegg for produksjon av 7,5 mill stk settefisk av laks og aure på lokalitet Stongfjorden i Askvoll kommune.

Planstatus

Området der anlegget er søkt etablert er avsett til akvakultur i reguleringsplan vedteken 13.05.2013.

Arealbruk

Viktige områder for utøvelse av kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. I dette området ble data sist oppdatert i 2011.

Våre registreringer kan hentes fra Fiskeridirektoratets hjemmeside www.fiskeridir.no velg Kartverktøy og Kystnære fiskeridata.

Sogn og Fjordane Fiskarlag har vore høyrde i saka og uttalar at settefiskanlegget må ha tilfredstillande rensing av utslepp.

Under anleggsfasen og i driftsfasen av anlegget kan det kome til konflikt med ein låssettingsplass og eit fiskeområde. Dette er en registrert låssettingsplass for sild,

brisling og makrell. Låsettingsplassen og fiskeområdet er bruk både under silde-, makrell- og brislingfiske.

Brislingfisket er et fiske av nasjonal interesse og låsettingsplassen er registret som viktig. Brisling kan ikkje slepast over store avstandar. Det er difor naudsynt å låsetje brisling i nærleiken av fiskeplassane. Dei førelåtte avbøtande tiltaka vil kunne redusere konflikta med fiskeområda.

Marint biologisk mangfold

Det er registrert et gyteområde for kysttorsk, brisling og sild i indre Stongfjorden. Området er kartlagt av Fiskeridirektoratet gjennom intervju av fiskere i forbindelse med innsamling av opplysninger om kystnære fiskeriaktiviteter. Rådgivende Biologer har gjort undersøkingar av marint biologisk mangfold og vurdert effekt av tiltaket på gytefeltet og fiskeriinteressene i Stongfjorden.

Fiskeristyresmaktene har særlig fokus på gyteområder for kysttorsk, ålegrasenger som oppvekstområde for marine fiskeslag, og fare for tilslamming av områder med rike forekomster av korall og svamp som og er viktige oppvekstområder for fisk.

Vår vurdering

Vi vurderer konfliktpotensialet i forhold til fiskeriinteresser og marint biologisk mangfold til å vere stort om ikkje vilkåra vi set her vert fulgt opp.

Kravet om dobbeltsikring

Avslutningsvis ynskjer vi å syne til kravet om dobbeltsikring som står i akvakulturdriftsforskriften § 37, tredje ledd. Den stiller krav dobbeltsikring på avløp og rømming på annan måte. Vidare viser vi til Norsk standard for landbaserte akvakulturanlegg (NS 9416) der formålet er å redusere risikoen for rømming av fisk. Standarden stiller krav til utforming, dimensjonering og bygging av rømmingssikre landbaserte akvakulturanlegg for alle fiskeartar og storleikar av fisk. Den set også krav til drift, ettersyn, vedlikehald og endringar av landbaserte akvakulturanlegg. Et viktig prinsipp i standarden er at rømmingstryggleiken skal ivaretaast i alle ledd og for alle komponentar frem til og med lasting/lossing av fisk.

Link til standarden er her:

<http://www.standard.no/en/PDF/FileDownload/?redir=true&preview=true&item=606800&logsource=5>

Sjølv om bruk av standarden i utgangspunktet er frivillig, ber vi om at det takast omsyn til dei forhold den skildar i prosjekteringen, då dette er noko Fiskeridirektoratet region Vest vil legge vekt på ved tilsyn i framtida.

Med helsing

Paul Jacob Helgesen
seksjonssjef

Hanne Marie Utvær
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Kopier

Kopi til:

Askvoll Kommune

Kystverket Vest

Sogn og Fjordane Fiskarlag

Postboks 174

Plan- og

Kystforvaltningsavdel

ingen

Postboks 173

6988 ASKVOLL

6025 ÅLESUND

6701 MÅLØY

K O P I